

# Sakspapir

| Saksbehandlar     | Arkiv    | ArkivsakID |
|-------------------|----------|------------|
| Eirik Bouwer Utne | FE - 076 | 15/1278    |

| Saksnr  | Utvalg            | Type | Dato       |
|---------|-------------------|------|------------|
| 26/2015 | Utval for levekår | PS   | 12.05.2015 |

## Retningsliner for Kulturpris i Meland

### Vedlegg:

Retningsliner Kulturpris i Meland - 1984 - Ksak 123/84

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Kulturpris i Meland vart vedteken Meland Kulturstyre, sak 110/84, i Formannskapet, sak 183/84 og i Kommunestyret i K-sak 123/84. Kopi av særutskrifta ligg ved saka. Kulturprisen har vorte delt ut 10 gongar, éin gong kvar valperiode sidan valperioden 1995-1999. Leiar og nestleiar i Utval for levekår har tatt initiativ til å fremme ei oppdatering av retningslinene frå 1984.

### Vurdering

Følgjande framlegg til oppdaterte retningsliner for Kulturpris i Meland er oppe til vurdering.

1. Utval for levekår kan ein gong kvar valperiode dela ut ein kulturpris til einskildpersonar eller lag/organisasjonar med tilknyting til Meland kommune.
2. Kulturprisen vert gjeven for særleg fortenestfull og aktiv innsats for kulturlivet i kommunen.
3. Utdelinga skal lysast ut i lokalpressa med høva til å koma med skriftleg framlegg til kandidatar.
4. Utval for levekår tek avgjerd om kven som skal få prisen. Kulturprisen kan delast på fleire dersom Utval for levekår finn dette rett. Utval for levekår er ikkje bundne av innkomne framlegg.
5. Kulturprisen skal vera ein spesiell kunstgjenstand, som skal kunne nyttast ved alle prisutdelingar. I tillegg vert det gjeve ein pengesum etter nærmare vedtak.

### Folkehelse

### Miljø

### Økonomi

Ikkje vurdert særskild i saka.

### Konklusjon

Oppdaterte retningsliner for Kulturpris i Meland ligg føre.

**Framlegg til vedtak:**

Oppdaterte retningsliner for Kulturpris i Meland vert godkjende slike dei ligg føre i vurderinga

**Utval for levekår - 26/2015****ULK - behandling:**

Endringsframlegg i møte v/utvalsleiar Kåre Skibenes (Krf):

Utval for levekår godkjenner følgjande retningsliner for kulturpris i Meland:

1. Utval for levekår kan ein gong kvar valperiode (siste året i valperioden) dela ut ein kulturpris til enkeltpersonar eller lag/organisasjonar med tilknyting til Meland kommune.
2. Kulturprisen vert gjeven for særleg fortenestfull og aktiv innsats for kulturlivet i kommunen.
3. Utdelinga skal lysast ut i lokalpressa med høve til å koma med skriftleg framlegg til kandidatar. Frist for framlegg til kandidatar er 1. mars i aktuelt år.
4. Utval for levekår tek avgjerd om kven som skal få prisen. Kulturprisen kan delast på fleire dersom Utval for levekår finn dette rett. Utval for levekår er ikkje bundne av innkomne framlegg.
5. Kulturprisen skal vera ein spesiell kunstgjenstand. I tillegg vert det gjeve ein pengesum etter nærmare vedtak.

Endringsframlegget vart einstemmig vedteke.

**ULK - vedtak:**

Utval for levekår godkjenner følgjande retningsliner for kulturpris i Meland:

1. Utval for levekår kan ein gong kvar valperiode (siste året i valperioden) dela ut ein kulturpris til enkeltpersonar eller lag/organisasjonar med tilknyting til Meland kommune.
2. Kulturprisen vert gjeven for særleg fortenestfull og aktiv innsats for kulturlivet i kommunen.
3. Utdelinga skal lysast ut i lokalpressa med høve til å koma med skriftleg framlegg til kandidatar. Frist for framlegg til kandidatar er 1. mars i aktuelt år.
4. Utval for levekår tek avgjerd om kven som skal få prisen. Kulturprisen kan delast på fleire dersom Utval for levekår finn dette rett. Utval for levekår er ikkje bundne av innkomne framlegg.
5. Kulturprisen skal vera ein spesiell kunstgjenstand. I tillegg vert det gjeve ein pengesum etter nærmare vedtak.